

Kulturkraft

Temaplan for kultur 2026-2032

05.04.2024, oppdatert 24.6.2026

Føreord

Voss herad – bygd for alle – bygd for sterke opplevingar – med røter og vengjer

Dei folkevalde og tilsette i Voss herad deler eit felles mål: å gjera Voss herad til verdas beste herad å bu i. Det er difor naturleg å spørje seg kva det er som skal til for å nå dette målet. Me skal levere gode kommunale tenester, tenester som fylgjer innbyggjarane våre frå vogge til grav, men det som verkeleg vil gjera den store skilnaden, er at me er eit herad som dyrkar sosial aktivitet. Aktivitet for alle, kor alle kan føla at dei høyrer til. Aktivitet som gjer ein skilnad, som skapar sterke møter mellom menneskjer, og mellom menneskjer og omgjevnadane. Aktivitet som koplar oss mot arv og tradisjonar, til det som er her og no, og som koplar oss inn i framtida.

Våren 2024 la Rolf Røtnes^[1] fram rapporten som har sett på kva effekt musikklivet har på ein kommune. I arbeidet nytta forskarane Voss herad som døme. Samanlikna med andre kommunar, som det er naturleg å samanlikna seg med, har Voss herad ei stor tilflytting og vekst. Voss har eit breitt spekter med musikkopplevingar gjennom heile året, noko som er unikt for ein kommune på sin storleik. Det var nettopp dette som var den tydlegaste faktoren arbeidsgruppa kunne finne, at ein i Voss herad har eit musikkliv som svarar til det tilbodet ein har i kommunar med dobbelt så stort innbyggjartal. Musikklivet er ein del av den totale kulturkrafta i heradet vårt.

Drar ein konklusjonen frå musikkopplevingane over til andre kulturopplevingar i heradet, er det tydeleg kva rolle kulturlivet har for Voss herad. Det er ei kraft som gjer at ein har moglegheit til sosial aktivitet, til å trivast på fritida og finna tilhøyrslar. Det er ei kulturkraft som gjer Voss herad til ein god stad å bu, det er ei kraft som gjer heradet til ein attraktiv stad å flytta til og er ein del av den krafta som kjem til å gjera at me vil nå målet om å verta verdas beste herad.

Tonje Såkvitne
Ordførar

[\[1\] Rapport \(voss.herad.no\)](#)

Innleiing

Kulturomgrepet har opp gjennom tida endra retning og karakter. Frå å vera avgrensa til kunstuttrykk til å gjelde all kreativ og sosial aktivitet. Det utvida kulturomgrepet omfamnar idrett, friluftsliv, fritidskultur og aktiviteten til frivillig lagsliv og kulturfrivilligheita. Dei siste åra er omgrepet igjen vore gjennom ei forvandling. I dag vert kultur plassert inn i eit felt av yringskultur, samfunnsutvikling og demokratibygging.

Hovudbodskapen i meldinga er at kunst og kultur er ytringar med samfunnsbyggjande kraft, og at eit rikt og variert kulturliv er ein føresetnad for yringsfridom og eit velfungerande demokrati (Meld.st. 8 (2018-19)).

Grunnleggjande er likevel at kunst og kultur er skapande kreativ kraft. Me må respektera og forstå den frie rolla kunsten og kulturen må ha for å kunna utvikla seg. Dette kan vera eit dilemma for den offentlege kulturpolitikken. Me investerer og satsar for å sikra politiske mål for samfunnsutviklinga, og all politikk er slik i sitt vesen instrumentell. Det er difor ein hårfin balanse mellom den frie kunsten og det politiske feltet. Politisk styrt kulturpolitikk må ha ein sentral plass i samfunnsutviklarrolla til kommunane, men med respekt og forståing for kulturen si frie og uavhengige rolle.

Tiden er inne for å inkludere kultur på ~~listen~~ over samfunnskritisk infrastruktur.
(Kristin Danielsen, Kulturdirektoratet. DA 3.10.23)

Denne planen må lesast i samanheng med dokumentet Bakgrunn og kunnskapsgrunnlag til Temaplan for kultur, og sjåast saman med heile planverket til Voss herad. Kommuneplanen sin samfunnsdel, Kulturmiljøplan, Voss i Vekst, Strategisk næringsplan, Plan for tidleg innsats og livsmeistring og Klimaplan er med å leggja føringar for kulturlivet på Voss.

Ein kommunal plan sitt føremål er å søkja å styra inn i framtida. Gjennom å analysa strøymingar og utfordringar i dag og kva rammer og føringar me arbeider under, kan me leggja til rette for å ta kulturlivet og samfunnet i ei ynskt retning. Me vil peika på mål og ambisjonar, og gjera prioriteringar.

Planen byggjer på Voss herad sine overordna målsettingar, og er knytt opp mot FN sine berekraftsmål. Det er skissert ut fem satsingsområde med kvar sine mål og strategiar. Som vedlegg til planen er det utarbeidd ein handlingsplan som skal rullerast jamleg.

Denne planen er administrativt oppdatert våren 2026 for å kopla den til Kommuneplanens samfunnsdel som vart vedteke 5. februar 2026.

Status og hovudutfordringar

Hovudutfordringane til Voss kan delast inn i to hovudkategoriar; det er dei strukturelle overordna utfordringane, og dei meir spesifikke utfordringane knytte til kultursektoren på Voss. Begge perspektiva er viktige å ta med seg inn i arbeidet med kulturplanen. Kort fortalt kan me samanfatta utfordringane slik^[1]:

- I det store bilete er hovudutfordringane knytte til **Klima og berekraft** og **Demokrati og deltaking** - politisk polarisering, skeivdeling av kunnskap og informasjon og ekko-kammer. **Kunstig intelligens** – som utfordrar kunstens kvalitet og autonomi gjennom digitalt genererte kunst, musikk, tekst og teater/levande bilete.

Ser me spesifikt på Voss, har det teikna seg eit bilete som ser slik ut:

- **Demografi**; også på Voss vil aldersgruppe 67+ auka i planperioden og gruppa i arbeidsfør alder vert relativt mindre.
- **Kompetanse**; det er mangel på arbeidskraft, og nok og rett kompetanse i fleire sektorar.
- **Dyrtid**; kulturlivet opplever dyrtid både i forhold til nedgang i publikumsbesøk og infrastrukturen som er naudsynt for å skapa gode kulturprodukt.
- **Frivilligheit**; frivilligheita slit med å rekruttera til drift av laga. Fleire og fleire frivillige ynskjer berre å delta i einskilde arrangement og prosjekt.
- **Utanforskap**; gjeld mange grupper, men er særleg kritisk blant barn og unge. Sjølv på Voss lever mange barn og unge i familiar med vedvarande låginntekt, som er ei kjend barriere for deltaking. Utanforskapet har samfunnsmessige og personlege kostnader og er ein stor utbrukt ressurs.
- **Psykisk helse**; det er ei negativ utvikling av den psykiske helsa blant ungdom på Voss. Det vert rapportert om aukande mistrivnad særleg blant elevane på ungdomstrinnet.
- **Møteplassar og kulturarenaer**; Både på Vangen og i grendene er det behov for gode og opne møteplassar og tilrettelagte kulturarenaer.
- **Økonomi**; kulturlivet er avhengig av ekstern finansiering. Dei økonomiske støtteordningane for kulturlivet både frå stat, fylke og private fond og stiftingar er under press.
- **Natur og friluftsliv**; turisme og nedbygging av natur legg presset på natur- og friluftslivområde.

^[1] Sjå også vedlegget Bakgrunn og kunnskapsgrunnlag til Kulturplanen.

Visjon og føremål

Voss herad sin visjon **Sterkt regionsenter og levande bygder** er presisert i denne planen:

På Voss er kulturlivet krafta som sikrar
eit sterkt regionsenter og levande bygder

Vidare byggjer Voss herad sine mål opp rundt FN sine berekraftsmål. Det mest sentrale er mål 17 om samarbeid som grunnlaget for all menneskeleg aktivitet. Det er i samarbeid og møte mellom menneske me både skapar notid og framtid.



Voss herad sin kulturpolitikk byggjer på Kulturlova (Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd) som i § 1 sikrar *eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk.*

Føremål

Føremålet med kulturpolitikken i Voss herad er at alle skal ha fridom og høve til å leva fullverdige, meningsfulle liv, og vera med å utvikla sitt eige lokalsamfunn. Alle skal oppleve eit mangfaldig, raust og inkluderande samfunn, og ha tilgang til å kunna delta i kunst, kultur, idrett og friluftsliv heile livet.

Voss herad skal vere ein aktiv samarbeidspartnar for kulturlivet. Ei god kulturforvalting legg til grunn nær og respektfull samhandling, og samarbeid mellom heradet og lokalmiljøet, frivillige, lag og foreiningar, amatørutøvarar og profesjonelle kunstnarar og kulturarbeidarar.

1. Kultur bygger menneske og samfunn

Kunst og kultur har eigenverdi og rører ved noko djupt menneskeleg. Det er gode opplevingar, sterke kjensler, tilhøyrse, samspel og samhandling. Kulturen er også ein grunnleggjande samfunnsressurs. Kulturen har ei eiga kraft, men er også ein av samfunnet sine viktigaste byggjesteinar.



Gjennom møte med kultur og deltaking i kulturproduksjon, utdannar og dannar me menneske (mål 4).

Kunst og kultur er ytringar. Kunsten utfordrar konvensjonelle tenkjemåtar og opnar for nye idear. Dette er prosessar som fremjar skaping og innovasjon (mål 9).

Gode kulturopplevingar er grunnleggjande for ei god samfunnsutvikling, og kultur og fritidstilbod er viktige bidrag inn i visjonen om eit sterkt regionsenter og levande bygder (mål 11).

Slik vil me ha det:

- Voss skal vera ein stad der kultur i brei forstand har ein tydeleg og sentral plass, og der kultur er grunnleggjande for identitet og tilhøyrslø. Kultur gjev meirverdi til menneske. Kultur skapar ringverknadar og påverkar samfunnsutviklinga. Denne forståinga av kulturen sin plass i samfunnet gjer kultur til eit viktig politikkområde.
- Kunst- og kultursektoren skal ha fokus på å fremja berekraftsmåla, og ha fokus på at eiga verksemd er klimavennleg og berekraftig.
- På Voss skal kulturarbeidarar og kunstnarar føler seg velkomne. Dei skal oppleva respekt og samhandling med Voss herad og lokalsamfunnet.
- På Voss klarer me å balansera utvikling av eit sterkt regionsenter og levande bygder. Eit attraktivt og levande sentrum er viktig for å sikra arbeidsplassar og kompetanse, og dermed ein sunn innbyggjarsamansetning. På Voss skal kulturlivet ha ein naturleg plass i utvikling og levandegjering av sentrum, og for å utvikla grendene som grunnlag for fellesskap, livslyst og identitet.
- På Voss har me eit særleg fokus på kultur for barn og unge. Det å møte ulike kulturuttrykk gjennom skulekvardagen og fritida, skapar inkludering og deltaking. Utdanning i kunst og kultur gjev elevar høve til å utvikla kreativitet og uttrykkja seg gjennom ulike kunstformer, og slik bli kulturelle utøvarar og aktive kulturbrukarar.

- På Voss arbeider me systematisk med kultur og fritid som del av aldersomsorga og moglegheita til å leva aktivt heile livet. Me ser folkehelseverdien for dei eldre når dei møter kultur i fellesskap med andre. Kultur er også ein viktig arena for inkludering av nye vossingar.
- I satsingsområde 1 har me fokus på den klassiske kunst- og kultursektoren, og kjem tilbake til idrett, natur og folkehelseperspektivet i satsingsområde 3.

Hovudmål og delmål

Hovudmål	Delmål
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	All kulturproduksjon er berekraftig og klimavennleg.
	Kultur er ein sentral og viktig del av samfunnsutviklinga på Voss gjennom eit attraktivt, inkluderande og skapande kulturliv.
	Me har kulturarenaer av høg kvalitet.
	Kulturlivet og vossaskulen arbeider saman for å styrka kultur i skulen.
	Me har kunst i det offentlege rom.
	Musikkbygda Voss markerer seg innan både folkemusikk, klassisk, jazz og sjangeroverskridande musikk.
	Arrangørbygda Voss har festivalar som markerer seg nasjonalt og internasjonalt.
	Me har kultur- og idrettsutøvarar som syner igjen nasjonalt og internasjonalt.
Voss er bygd for alle, og innbyggjarane opplever meistring, tryggleik og deltaking i fellesskap	På Voss kan alle både oppleva kultur og delta aktivt i kulturlivet.

Strategiar

Hovudmål	Namn på strategien
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	Me stimulerer og respekterer mangfaldet i kulturen, og lar kulturlivet få utvikla seg på eigne premissar.
I Voss kuttar me klimagassutsleppa og tek vare på naturen for framtidige generasjonar	Me legg til grunn Grønt vegkart for kulturlivet i all kulturproduksjon, og nyttar forbrukarmakt ved å krevja berekraftige løysingar hjå leverandørar og produsentar.
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	Voss kulturhus og Gamlekinoen er dei viktigaste kulturarenaene i regionen, og er ein naturleg base og møteplass for frivilligheita.
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	Voss herad arbeider for gode arenaer for heile kulturlivet.
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	Me set krav til utsmykking av alle nye kommunale bygningar.
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	Me driv aktiv etablering og formidling av kunsten i det offentlege rommet.
Voss er bygd for alle, og innbyggjarane opplever meistring, tryggleik og deltaking i fellesskap	Me driv aktiv samskaping med kulturlivet, frivilligheita og andre aktørar gjennom felles prosjekt og aktivitetar.
Voss er bygd for alle, og innbyggjarane opplever meistring, tryggleik og deltaking i fellesskap	Me legg til rette for og stimulerer til kompetanseheving for kultur- og lagslivet.
Voss er bygd for alle, og innbyggjarane opplever meistring, tryggleik og deltaking i fellesskap	Voss kulturskule er eit kulturelt kraftsenter med høg kunsthøgskule kvalitet som legg til rette for at alle skal få meistra

Hovudmål	Namn på strategien
fellesskap	og utvikla seg på sitt nivå.
Voss er bygd for alle, og innbyggjarane opplever meistring, tryggleik og deltaking i fellesskap	Voss herad har desentralisert kulturskule.
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	Biblioteket er ein del av den kulturelle grunnmuren, og skal driva kulturproduksjon og formidling i brei forstand.
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	Voss herad skal ha økonomiske støtteordningar til kulturlivet, og nytta desse til å stimulera til berekraftig omstilling
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	Voss herad skal bidra til å auka innbyggjarane sin kunnskap, forståing og interesse for kultur.

2. Kultur er kunnskap, ytring og demokrati

I eit velfungerande demokrati står ytringsfridommen sterkt. Kultur er ytringar. Gjennom kunst og kultur lar me ulike stemmer koma til ordet og meiningar brytast. Det utfordrar oss, og legg samstundes grunnlag for ei demokratisk samfunnsutvikling.



I eit samfunn som endrar seg raskare og som blir meir individualisert og polarisert, er det viktig med fellesarenaer der menneske kan møtast og dela opplevingar på tvers av kjønn, alder og sosial bakgrunn. Det å ta del i kulturaktivitetar er verdifullt for den einskilde, men det skaper også innsikt og forståing av mangfaldet av meiningar og verdsbilete. Slik kan kulturlivet fremja tillit, toleranse og forståing for andre (mål 10), og skapa refleksjon og innsikt om verdiar, identitet og berekraftig samfunn (mål 4).

Slik vil me ha det:

På Voss vil me ha ein sterk kultursektor som gjennom sine produksjonar og aktivitetar gjev oss innblikk i nye perspektiv og utfordrar oss til kritisk ettertanke. På Voss sikrar me eit levande og inkluderande

demokrati gjennom å skapa grunnlag for deltaking, og ved å utvikla modellar for innbyggarytringar og involvering.

På Voss har kultursektoren ei aktiv rolle som tilretteleggjar og pådrivar for kunnskapsbygging og ytringsfridom. Det offentlege ordskiftet skal vera prega av stor takhøgde med konstruktive meiningsbrytingar. Det skal leggjast til rette for arenaer for samtalar og debattar i fysiske møte der alle skal verta høyrde. Innbyggjarar som normalt ikkje hevar røysta si, skal oppmuntrast til å delta. Mangfaldet av røyster og ytringar skaper auka forståing av kvarandre og heilskapen i samfunnet.

Kultursektoren skal ha eit særleg fokus på å formidla kunnskap og informasjon om berekraft og klimaendringar, og å leggja til rette for ein opplyst offentlig samtale om emnet. Me har også ei viktig rolle i kunnskapsbygging og kritisk kunnskapsformidling knytt til bruk av kunstig intelligens.

Hovudmål og delmål

Hovudmål	Delmål
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	
Voss er bygd for alle, og innbyggjarane opplever meistring, tryggleik og deltaking i fellesskap	Voss er eit demokratisk lokalsamfunn der det er plass til eit mangfald av ytringar og ein respektfull offentlig samtale.
	Me har gode arenaer og strukturar for innbyggjarmedverknad.
	Me har arenaer der barn og unge kan delta og ytra seg.
	Me nyttar og fremjar kunstig intelligens (KI) på ein konstruktiv, men kritisk måte.
I Voss er me budd på å handtera større uynskte hendingar	Me har gode arenaer og strukturar for innbyggjarmedverknad.

Strategiar

Hovudmål	Namn på strategien
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	Kultur påverkar mennesket sitt engasjement i samfunnet, og motiverer folk til aktiv deltaking.
Voss er bygd for alle, og innbyggjarane opplever meistring, tryggleik og deltaking i fellesskap	Voss er eit livssynsope samfunn med aktive trus- og livssynsorganisasjonar som fremjer respekt for ulikskapen.
Voss er bygd for alle, og innbyggjarane opplever meistring, tryggleik og deltaking i fellesskap	Voss kulturhus og Voss bibliotek skal vera meir opne, og vera ein plass der folk møtest.
Voss er bygd for alle, og innbyggjarane opplever meistring, tryggleik og deltaking i fellesskap	Biblioteket er ein arena for kunnskap, informasjon, offentlig samtale og debatt.
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	Me har ein redaktørstyrt kino som også viser film for kritisk ettertanke.
Voss er bygd for alle, og innbyggjarane opplever meistring, tryggleik og deltaking i fellesskap	Kunst- og kulturarrangørane er viktige aktørar for å utvikla ytringskulturen.
Voss er bygd for alle, og innbyggjarane opplever meistring, tryggleik og deltaking i fellesskap	Me legg til rette for lågterskel møteplassar for å utvikla kunnskap, tankar og idear gjennom til dømes Bygdalab og Folkeverkstad.
I Voss kuttar me klimagassutsleppa og tek vare på naturen for framtidige generasjonar	Me legg til rette for kunnskap om klima og miljø gjennom Grøn november og samarbeid med skulane.
Voss herad er ein berekraftig	Gjennom bruk, dialog og kunnskapsformidling løftar me fram

Hovudmål	Namn på strategien
kommuneorganisasjon, økonomisk robust med tenester på rett nivå	kunstig intelligens sin plass i samfunnet.
Voss herad er ein berekraftig kommuneorganisasjon, økonomisk robust med tenester på rett nivå	Me legg til rette for lærling- og praksisplassar i kultursektoren.

3. Kultur er møteplassar, fellesskap og god helse

Det er mellom menneske at både fellesskap og kultur vert skapt. Mening og det som er verd å leva for, oppstår når me møtest, når det er plass til alle og når alle vert sett.



Voss er mangfaldig og det er viktig å leggja til rette for at alle innbyggjarane har like moglegheiter til å delta i samfunnet og slik leva aktive og meningsfulle liv. Ved å leggja til rette for brei deltaking i kultur-, idretts- og friluftsliv, vil me motverka konsekvensane av ulikskap i befolkninga og bygga god folkehelse (mål 3 og 10).

Slik vil me ha det:

På Voss legg me FN sin barnekonvensjon til grunn for arbeidet for barn og unge. I kulturlivet gjeld særleg § 31 om born si rett til fritid, leik og kulturelle og kreative aktivitetar. Me førebyggjer utanforskap ved å byggja lågterskelaktivitetar og kulturtilbod for alle, også for dei gruppene som treng oss mest. Det vil særleg gjelda barn, unge, eldre, minoritetar og nye innbyggjarar.

For å sikra økonomisk, sosial og miljømessig berekraft, vil me som samfunn dei neste tiåra trenge ei stor omstilling. For å sikra legitimiteten til denne prosessen, treng me stor grad av tillit i samfunnet, og låg grad av ulikskap er ein føresetnad for tillit (Menon 28/21:130). Voss herad vil ha fokus på tiltak som reduserer ulikskap og utanforskap, mellom anna gjennom etablering av møteplassar, dialog og involvering av sivilsamfunnet, lågterskeltilbod og samarbeid med frivilligheita. Me vil saman med frivillig sektor arbeida for å mobilisera til auka frivillig innsats inn mot viktige samfunnsområde.

Den varsla endringa i befolkningssamansetninga vil påverka tilbod og etterspurnad etter kultur. Me må både omstilla oss for å ta imot dette, og samtidig løfta fram kultur som viktig innsats for å avhjelpa utfordringane knytte til demografiendringane. Kultursektoren må slik ha eit aktivt forhold til gruppa eldre. Me lyftar fram verdien av at generasjonane møtest gjennom felles aktivitetar og samarbeid

På Voss samarbeider me med idretten for å sikra både breidde og topp. Me legg til rette for kvardagsaktivitet og gode rammer for uorganisert aktivitet. Me legg til rette for eit mangfaldig friluftsliv som tek i vare sårbar natur.

Hovudmål og delmål

Hovudmål	Delmål
Voss er bygd for alle, og innbyggjarane opplever meistring, tryggleik og deltaking i fellesskap	Voss er ei bygd for alle, men har eit særleg fokus på inkludering av unge, eldre og nye innbyggjarar.
	Me har eit mangfald av tilgjengelege aktivitets- og møteplassar i heile heradet.
	På Voss skal alle born og unge ha høve til å delta i fritidsaktivitet der dei bur.
	Me har eit kultur- og fritidstilbod der generasjonane møtest gjennom felles aktivitetar og samarbeid.
	Frivilligheita er sterk, og spelar ei synleg og viktig samfunnsrolle.
	Me har fokus på balansen mellom breidde og fordjuping, og stimulerer begge.
	På Voss er organisert og uorganisert fysisk aktivitet og nærfriluftsliv ein del av kvardagen.
	Friluftsliv og turtradisjonar er ein viktig arena for inkludering.
	Me har ei berekraftig utvikling av natur- og friluftslivsressursane
Voss herad er ein berekraftig kommuneorganisasjon, økonomisk robust med tenester på rett nivå	Voss er ei bygd for alle, men har eit særleg fokus på inkludering av unge, eldre og nye innbyggjarar.
	Frivilligheita er sterk, og spelar ei synleg og viktig samfunnsrolle.

Strategiar

Hovudmål	Namn på strategien
Voss er bygd for alle, og innbyggjarane opplever meistring, tryggleik og deltaking i fellesskap	Voss herad arbeider målretta og systematisk for å inkludera unge, eldre og nye innbyggjarar i kultur og fritidsaktivitetar. Kommunalområdet kultur og fritid er ein naturleg del av eit tverrfagleg arbeid retta inn mot desse gruppene.
Voss er bygd for alle, og innbyggjarane opplever meistring, tryggleik og deltaking i fellesskap	Me har fokus på born og unge sin kreativitet og aktive deltaking i kulturlivet.
Voss er bygd for alle, og innbyggjarane opplever meistring, tryggleik og deltaking i fellesskap	Voss kulturskule skal ha både breidde og fordjuping.
Voss er bygd for alle, og innbyggjarane opplever meistring, tryggleik og deltaking i fellesskap	Voss kulturhus og Voss bibliotek har ein tydeleg, raus og inkluderande ungdomsprofil, og er ein viktig møteplass for unge, eldre og nye innbyggjarar.
Voss er bygd for alle, og innbyggjarane opplever meistring, tryggleik og deltaking i fellesskap	Me held gratisprinsippet i biblioteket og barne- og ungdomsarbeidet høgt.
Voss er bygd for alle, og innbyggjarane opplever meistring, tryggleik og deltaking i fellesskap	Me fremjar meir digital kunnskap og mindre digital utanforskap.

Hovudmål	Namn på strategien
fellesskap	
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	Voss herad respekterer frivilligheita sin eigenart, og har eit tett og respektfullt samarbeid med kulturinstitusjonane og frivilligheita.
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	Me skal ha fokus på å gjera det enkelt å vera frivillig på Voss.
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	Det skal leggjast til rette for frivilligheit blant barn og unge.
Voss er bygd for alle, og innbyggjarane opplever meistring, tryggleik og deltaking i fellesskap	Me har fokus på informasjons- og delingskultur slik at tilbod vert lett tilgjengelege.
I Voss kuttar me klimagassutsleppa og tek vare på naturen for framtidige generasjonar	Lett tilgjengelege naturområde er viktig for folkehelsa, og styrkar kunnskap om og kjærleik til naturen.
I Voss kuttar me klimagassutsleppa og tek vare på naturen for framtidige generasjonar	Me held ved like og tek i vare dagens tur- og friluftsområde framfor å etablere nye.
I Voss kuttar me klimagassutsleppa og tek vare på naturen for framtidige generasjonar	Voss herad har lett tilgjengelege tur- og friluftsområde på fleire utfordringsnivå, og me har gode og tilgjengelege arenaer for å driva organisert og uorganisert lek, idrett og fysisk aktivitet for alle aldersgrupper

4. Kultur er tradisjon, identitet og nye impulsar

Tradisjon er noko som oppstår i eit fellesskap, står seg over tid og som vert overført frå generasjon til generasjon. Det moderne er i daglegtalet noko nytt, utviklande og som bryt med det eksisterande – på Voss har me over generasjonar tenkt nytt, og slik gjort det moderne til tradisjon.



Kulturmiljø og berekraft heng saman. Det å utvikla gode inkluderande stader der menneske kan møtast, kviler på ein balanse mellom nye og gamle stadelement som til dømes gamle og nye hus, vegar, parkar, torg (mål 11). Det å ta vare på kulturlandskap, og rehabilitera gamle bygningar og anlegg har ein dokumentert klimagevinst (mål 13), og samtidig har det ein opplærande effekt gjennom sirkulærøkonomisk fokus som reduserer forbruket (mål 12).

Slik vil me ha det:

Kulturmiljø og kulturarv er samfunnet sin grunnmur og dannar fellesskap. Det er dei historiske linjene som gjev identitet og tilhøyrse. Det er samstundes viktig å ha respekt for at me lever i eit mangfaldig samfunn, der vossingane ikkje så lett lar seg definere av lokale historiske tradisjonar. Når me definerer kulturarv, må det vera plass til nye vossingar, og me ynskjer å leggja til rette for eit mangfaldig kulturmiljø. Me ser, og har respekt for, at omgrepet fellesskap er sett saman av mange små fellesskap.

Voss har ein lang tradisjon for å markera seg som festivalbygd, og som ekstremsport og idrettsbygd. Me vil løfta fram og vidareutvikle det me allereie er gode på, og byggja vidare på den nerven som ligg i det å utforska det nye og inkludera det gamle. Tradisjon er ingen statisk storleik og me løftar fram og syr saman eit mangfaldig kulturliv. Me legg til rette for at born og unge skal læra om si eiga kulturhistorie, og andre kulturuttrykk i lokalmiljøet.

I område med kulturhistoriske verdiar skal me balansera behovet for å utvikla med ynskjet om å verna. Dette gjer me ved å skapa stoltheit og eigarkjensle for det kulturhistoriske miljøet.

Vossingane er glade i naturen sin og nyttar den aktivt både sommar og vinter. Turtradisjonane skal leva vidare og stimulerast gjennom berekraftig tilrettelegging av natur og friluftsliv. Voss er ein aktiv partner i samarbeidet rundt verdsarven Vestnorsk fjordlandskap, og har fokus på balanse mellom vern og utvikling av området.

Hovudmål og delmål

Hovudmål	Delmål
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	På Voss er det god balanse mellom tradisjonar og nye impulsar.
	Me lyftar fram og synleggjer kulturhistoriske verdiar, og nyttar dei aktivt i lokalsamfunnsutvikling.
	Vangskyrkja er eit viktig kulturrom og ein identitetsmarkør.
	Voss har eit sterkt folkemusikkmiljø i alt frå utøving, opplæring og formidling.
	Me har sterke turtradisjonar både i nærfriluftsliv og eit klassisk friluftsliv.
I Voss kuttar me klimagassutsleppa og tek vare på naturen for framtidige generasjonar	Me tek vare på kulturmiljø og tradisjonar, og ser verdien av at alle skal kunne ha ei historie dei kan kjenna seg igjen i og identifisera seg med.
	Me ser kulturmiljøforvaltinga som ein del av sirkulærøkonomien
	Me har sterke turtradisjonar både i nærfriluftsliv og eit klassisk friluftsliv.
	Me formidlar og skaper stoltheit for verdsarven.

Strategiar

Hovudmål	Namn på strategien
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	Kulturskulen er eit regionalt kraftsenter som skal ha tilbod om undervisning og utøving av tradisjonsmusikk, og eit aktivt samarbeid med folkemusikkmiljøet.
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta	Voss herad er aktiv medarrangør i Kulturminnedagane.

Hovudmål	Namn på strategien
fremjar både vekst og vern.	
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	Musea i heradet skal vera relevante samfunnsaktørar og møteplassar.
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	Tradisjonar og handverk er viktige i vossaskulen.
I Voss kuttar me klimagassutsleppa og tek vare på naturen for framtidige generasjonar	Voss utviklar kulturmiljøverdiane gjennom samarbeid med eigarar, frivilligheita og næringsaktørar.
I Voss kuttar me klimagassutsleppa og tek vare på naturen for framtidige generasjonar	Me skal oppretthalda kommunale støtteordningar med krav om synleggjering av klimaeffekt i kulturmiljøprosjekta.
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	Stimulera det frivillige arbeidet som vert gjort på kulturmiljøfeltet av bygdeboknemnda, søge- og historielag, husflidslag, bygdekvinnelag med fleire.
	Leggja til rette for eit friluftsliv som byggjer bru mellom landskap, kulturarv, tradisjon og natur gjennom formidling og praktisk tilrettelegging.
I Voss kuttar me klimagassutsleppa og tek vare på naturen for framtidige generasjonar	Etablera fleire statlege sikra friområde.

5. Kultur er næring

Me må finne balansen mellom kulturøkonomi, og det å ta vare på kulturell integritet og autonomi gjennom ein medviten kulturpolitikk. Dei etiske aspekta ved å "selja kultur" bør alltid vurderast nøye for å sikra kulturen sin eigenart og verdi.



Regionen Voss og Hardanger er ein sterk reiselivsdestinasjon, og Voss treng produkt som kan gje gode opplevingar for dei reisande. Dette gjeld både innanfor tradisjonell kunst og kultur, kulturminne og natur- og friluftsliv. Eit aktivt kulturliv er med å leggja grunnlag for økonomiske utvikling for Voss herad og for regionen (mål 9)

For å få ned klimagassutsleppa, må folk sine reisevanar endrast. Folk må få dekt behov for gode og utfordrande opplevingar gjennom kortreiste tilbod. På Voss ligg det særleg til rette for dette. Kultur, friluftsliv og ekstremsport er viktige ingrediensar i lokaltbaserte opplevingsnæringar (mål 12).

Slik vil me ha det:

Kulturelle opplevingar flyttar blikka våre, og får oss til å sjå verda på nye måtar. Dette er ein føresetnad for endring, og den kreativiteten som følgjer med kunst- og kulturlivet er katalysator for innovasjon, næringsutviklinga og grøøn omstilling.

Voss er ei sterk kulturbygd, og dette skal me nytta og utvikla vidare på ein berekraftig måte for å sikre livskrafta til vossasamfunnet. Utan å gå på kompromiss med kulturen sin eigenverdi, vil Voss herad bidra til å utvikla næringar som bygger på og utnyttar kulturlivets potensiale. Utvikling av kulturnæringar i sentrum og i næringsklynger skal vere ein naturleg del av areal- og samfunnsplanlegginga på Voss.

Det er eit mangfald av kulturprodusentar og arenaer på Voss der heradet og kulturlivet utfyller og styrker kvarandre. I tillegg til at kunst og kultur i seg sjølv har næringsverdi, er det næringspotensial i kulturproduksjonen når me saman satsar på publikumsbygging, marknadsføring og gode arenaer for kulturformidling.

Kultur er ein del av reiselivsnæringa sin infrastruktur. På Voss klarer skal me på ein berekraftig måte å kombinera reiseliv, sterke mattradisjonar, kulturelle opplevingar og kulturmiljø. Vidare driva aktiv besøksforvaltning, og invitera reisande inn i verdsarven på ein respektfull måte som tek omsyn til sårbar natur. Det er ei breidde i kulturtilbodet på Voss som gjer det attraktivt for hytteeigarar å bruka meir tid på Voss, også ut over feriane. Berekraft i denne samanheng betyr at me ikkje lar næringsutvikling gå på kostnad av natur og kultur.

Strategiområde kultur og næring må sjåast i samanheng med temaplanen Strategisk næringsplan/SNU, som også peiker på kultur som grunnlag for næringsutvikling.

Hovudmål og delmål

Hovudmål	Delmål
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	Voss er ei attraktiv bygd for profesjonelle kunstnarar og kulturarbeidarar.
	Kultur er drivkraft for berekraftig reiseliv og næringsutvikling.
	Festivalane markerer seg som viktige nasjonale idretts- og kulturarenaer.
	Voss herad er ein kommune som tiltrekker seg kulturelle og kreative næringar, der desse veks i gjensidig respekt og i hopehav med næringslivet elles.
I Voss kuttar me klimagassutsleppa og tek vare på naturen for framtidige generasjonar	Voss har ei berekraftig utvikling og besøksforvaltning av natur og verdsarv.

Strategiar

Hovudmål	Namn på strategien
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	Stimulera kunstnarar til å bu, koma til og etablera seg på Voss.

Kulturkraft - temaplan for kultur 2026 - 2032

Hovudmål	Namn på strategien
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	Stimulera til kulturell verdiskaping i samarbeid med Voss næringshage og Voss næringsråd.
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	Opne for, og bygga forståing for kulturnæring i kraftfondet.
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	Idretten er ei viktig merkevare for Voss.
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	Gode næringslivskommunar har attraktive sentrum. Me skal difor ha kunst i det offentleg rom, og ha fokus på aktivitet og attraktivitet i sentrum.
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	Me skal oppgradera og attendeføra Gamlekinoen til ei kulturscene med høg kvalitet av regional og nasjonal verdi, som kan nyttast til teater, konsertar osv.
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	Gjera det attraktivt for hytteeigarane å bruka meir tid på Voss, også i kvardagen.
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	Innafor rammene av anskaffingsregelverket skal me så langt det er mogleg handla lokalt, og nytta lokale kunstnarar og produsentar.
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	Arrangørbygda Voss må halda fram som eit konstruktivt nettverk av kulturprodusentar.
Voss er ein attraktiv stad å bu, besøkje, arbeida og driva næring, der kulturkrafta fremjar både vekst og vern.	Voss herad skal vera aktiv deltakar i festivalen og møteplassen Vossadagane
I Voss kuttar me klimagassutsleppa og tek vare på naturen for framtidige generasjonar	Stimulera lokalsamfunnet og regionen til kortreiste opplevingar.
I Voss kuttar me klimagassutsleppa og tek vare på naturen for framtidige generasjonar	Me skal leggja til rette for eit friluftsliv som er berekraftig på naturen sine premissar.
I Voss kuttar me klimagassutsleppa og tek vare på naturen for framtidige generasjonar	Offentleg transport er ei utfordring, og me vil søkje å tilpassa aktivitetar og tidspunkta til rutetabellane til kollektivtransporten.